

INFORMASJON OM TAKST OG EIGEDOMSSKATT

Om eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein skatt som kommunar sjølv kan gjera val om å innføre, og der skatteinntekta i sin heilskap tilfall kommunen. Eigedomsskatten blir brukt til å finansiera dei kommunale tenestene.

Sveio kommunestyre har gjort vedtak om innføring av eigedomsskatt for heile kommunen, gjeldande frå 2011.

Eigedomsskatten er ein objektskatt knytt til verdien av eigedomen og ikkje til person slik inntekts- og formueskatten er. Det er tilhøva pr 1. januar i skatteåret som er lagt til grunn.

Om takseringa

For dei fleste eigedomane bygger taksten på opplysningar kommunen har i sine register.

Bustad- og fritidseigedomar, landbrukseigedomar, naust og næringsseigedomar er synfart, og det er då gjort ei vurdering av alder, tilstand og plassering.

Eigedomane er taksert etter den verkelege bruken.

Verk og bruk er taksert av profesjonelle takstfolk, og blir ikkje nærare omtala her.

Om taksten

Sakkunnig taksnemnd har i dokumentet "Rammer og retningslinjer for taksering etter lov om eigedomsskatt" lagt premissane for takseringa. Det er sakkunnig nemnd som har vedteke dei endelege takstane. Takstane er sjablongmessige og avvik få marknadsverdi må påreknast.

Bruksareal, tomtestorleik og faktorar som alder, tilstand og plassering dannar grunnlaget for taksten.

Takserte areal er totalt bruksareal på bygningar over 15 kvm. Totalt bruksareal vil avvike frå arealnemninga "primærrom" som rapportert til Skatteetaten i 2010.

Bustad- og fritidstomter er taksert til verkeleg areal, inntil 1 000 kvm.

Næringsstomter er taksert til verkeleg areal, inntil 10 000 kvm.

Bustad- og fritidseigedomar med tomt til sjø/vatn og eigedomar i sentrale strøk får påslag i taksten, dette for å gjenspegla ein høgare marknadsverdi på desse eigedomane.

Landbrukseigedomar får berre takst på våningshus og garasje/andre bygg som ikkje er relatert til landbruksdrift. Tomt 1 000 kvm.

Landbrukseigedomar som er underlagt priskontroll får ein reduksjonsfaktor.

Om kven som får melding om takst og skatt, og kven som får rekninga

Heimelshavar (eigar) til eigedom i Sveio får melding om takst og skatt.

Der det er gjort avtale om at andre enn eigar skal betale kommunale gebyr, vil rekninga bli sendt til den som betalar gebyra. Eigar må informere betalar om dette.

Vert skatten for ein eigedom mindre enn kr. 50, skal det ikkje skrivast ut skatt.

Om klage på takst

Det er høve til å klage på taksten. Klagefristen er 04.07.2011.

Klager som dreier seg om faktafeil blir retta opp administrativt.

Andre klager blir handsama av sakkunnig nemnd. Klager der sakkunnig nemnd ikkje gir fullt og heilt medhald blir sendt vidare til ankenemnd for endeleg handsaming.

Når klage er handsama blir det sendt ny melding om takst og ny klagefrist.

Klage skal vera skriftleg og grunngjeven.

Hugs å opplysa om:

Namn og adresse.

Gards- og bruksnummer på den eigedomen klagen gjeld.

Telefonnummer eller e-post der du kan treffast på dagtid.

Kontonummer for eventuell tilbakebetaling.

Om betalingsterminar og eventuell tilbakebetaling

I 2011 vil eigedomsskatten ha to forfall i andre halvår, seinare vil den følgja terminane for kommunale gebyr. Eigedomsskatten skal betalast sjølv om ein klagar på taksten. Eventuell tilbakebetaling blir gjort etter klagebehandlninga og ny klagefrist.

Nærare opplysningar

På Sveio kommune si heimeside finn du følgjande informasjon om eigedomsskatt:

- Saksdokument
- Tidlegare utsendt informasjonsskriv
- Rammer og retningslinjer for takseringa
- Informasjon om arealmåling og etasjedefinisjonar

Ein kan få denne informasjonen tilsendt eller utlevert.

Kontaktinformasjon

Dersom det er spørsmål om dette informasjonsskrivet, takseringsprosessen eller ønskje om å få tilsendt/utlevert ytterlegare informasjon, kan kommunen kontaktast på følgjande måtar:

Telefon

53 74 80 00, måndag til fredag kl 08.00 - 15.30

Publikumsmottak

Servicekontoret i kommunehuset, måndag til fredag kl 08.00 - 15.30

Postadresse

Sveio kommune

Eigedomsskatt

Postboks 40

5559 Sveio

E-post

eskatt@sveio.kommune.no

Sveio 26.05.2011

Ruth Ø. Eriksen

Leiar sakkunnig takstnemnd

(Sign)